

**STRYN KOMMUNE**

**DIFFERANSIERT FORVALTNING**

**AV**

**STRYNEVASSDRAGET  
LOENVASSDRAGET  
OLDENVASSDRAGET**

**KOMMUNEDELPLAN.**

**VEDTEKEN AV KOMMUNESTYERET 12.10.99**

# INNLEIING

## Planvedtak.

Kommunedelplanen ”Differansiert forvaltning av Strynevassdraget, Loenvassdraget og Oldenvassdraget” vart vedteken i kommunestyret i Stryn den 12.10.99.

## Bakgrunn for planen

Oldenvassdraget vart varig verna mot kraftutbygging i verneplan I. Strynevassdraget og Lovassdraget sitt vernevedtak er nedfelt i verneplan IV.

Rikspolitiske reglar for verna vassdrag vart vedteken 10.november 1994. Retningslinene finst i rundskriv T-1082 frå Miljøverndepartementet.

Retningslinene seier at kommunar og fylkeskommunar som har verna vassdrag, skal legge retningslinene til grunn for planlegginga etter Plan- og Bygningslova (PBL).

Rikspolitiske retningsliner rår til at ein i arbeidet med arealdelen i kommuneplanen differansierer forvaltninga av dei verna vassdraga utifrå verneverdiar og arealtilstand. Middelet for å få dette til er ei klasseinndeling av vassdraget, med haldningar til korleis ein skal handsame søknader om ulike typer inngrep i dei einskilte forvaltningsklassene.

Stryn kommune vart i 1997 oppmoda av NVE om å søke om midler til å utarbeide ein plan for differensiert forvaltning av dei verna vassdraga i kommunen. Kommuneplannemnda gjorde vedtak den 2.mars 1997 om å starte arbeidet med ein plan for differansiert forvaltning, og at planen skulle utarbeidast som ein kommunedelplan.

## Planstatus

Plan for differansiert forvaltning av verna vassdrag i Stryn har status som ein *delplan* til kommuneplanen. Planen er retningsgjevande for korleis ein skal vurdere ulike typer inngrep i nedbørfeltet til vassdraga og den har *ikkje* juridisk binding.

Delplanen er i samsvar med rikspolitiske retningsliner for verna vassdrag.

## Målsetting

Målet med planarbeidet er å få ein samordna forvaltning av dei tre verna vassdraga, i tråd med rikspolitiske reglar for verna vassdrag. Forvaltninga skal i størst mogleg grad vere tilpassa dei lokalsamfunn ein finn langs elvene.

Planen har som mål å gje mest mogleg informasjon om verdiane i vassdraga og kva lovverk ulike typer inngrep må vurderast i høve til.

## **Organisering og struktur**

Planen for differensiert forvaltning av dei tre verna vassdraga vert utarbeidd som ein kommunedelplan for kommunen. Planutarbeiding, høyring og plangodkjenning må såleis oppfylle krava som ligg nedfelt i Plan- og bygningslova. Planen har difor vore lagt ut på høyring på ålment tilgjengelege plassar og er gjort kjent gjennom pressa.

Kommunen har planleggingsansvaret i høve til Plan- og bygningslova.

Norges Vassdrags- og Elektrisitetsverk (NVE) og Fylkesmannen har begge ansvar i høve vassdragslova og vassdragsreguleringslova. NVE er godkjenningssmynde på alle saker som vedgår vassdragslova.

Planarbeidet med differensiert forvaltning i dei tre vassdraga i Stryn er såleis eit samarbeid mellom Stryn kommune, NVE og Fylkesmannen, miljøvernavingdelinga og landbruksavingdelinga.

19.mars 1997 vart styringsgruppe og arbeidsgruppe for planarbeidet sett ned, med denne representasjonen:

### **STYRINGSGRUPPE:**

- Ordførar Oddvin Drageset, Stryn kommune (leiar)
- Varaordførar Johanna Nygjerd, Stryn kommune
- Jofred Takle, Fylkesmannen, miljøvernavingdelinga
- Ivar Sægrov, NVE

### **ARBEIDSGRUPPE**

- Jordbrukssjef Alf Wallestad, Stryn kommune (leiar)
- Teknisk sjef Lars Solstad, Stryn kommune (frå 01.11.98 overtok Jan Træen)
- Magne Geir Verlo, NVE
- Christian Rekkedal, Fylkesmannen, landbruksavingdelinga.

### **SEKRETARIAT FOR PLANARBEIDET:**

- Plankonsulent Lars Birger Holmøyvik, Stryn kommune
- Miljøvernleiar Odd Rønningen, Stryn kommune.

## METODE OG GRUNNLAGSMATERIALE

### Hovudprinsipp for differensiert forvaltning

NVE har utarbeidd prinsippa for eit planverktøy som er kalla “Differensiert forvaltning”. Dette forvaltningsopplegget er laga slik at kommunane sjølve kan tilpasse det for dei einskilde vassdraga.

Vi hadde ynskje om å tilpasse kommunedelplanen for differensiert forvaltning av dei tre vassdraga i Stryn slik at vi tek omsyn til lokale føresetnader, med lokale særtrekk og verdjar.

Rikspolitiske retningsliner frå Miljøverndepartementet som er grunnlaget for planen, seier at retningslinene skal omfatte sideelver, større bekkar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidd langs desse vasslinene. Arbeidsgruppa og styringsgruppa valde å operere med heile nedbørsfeltet for dei tre verna vassdraga som planområde av karttekniske årsakar, og fordi det er vanskeleg å avgjere grensa for kva som er ”større bekkar”. Retningslinene som vi har utarbeidd gjeld uansett ikkje lenger enn 100 meter frå næraste bekk, sideelv, vatn eller hovudelv. Hovudtyngda av alt registreringsarbeid er gjort opp til 700 meter over havet. Areal over dette nivået er i grove trekk breplata og område der dei fleste typer samfunnsaktivitetar er uaktuelle.

Planområdet er delt i tre “klasser” utifrå omfang av menneskeleg påverknad. Klasseinndelinga er likevel relativt grovmaske.

Ein vil på denne måten dele opp vassdraget utifrå kor påverka dei er av eksisterande inngrep, og nytte denne klasseinndelinga som grunnlag for å vurdere nye inngrep eller tiltak.

Prinsippet er at ein vurderer strengare eit nytt inngrep eller tiltak i eit område som frå før er urørt av slike inngrep, enn ein vil gjera i eit område som har mange inngrep frå før. Kor strengt ein vurderer planar om nye inngrep eller tiltak, er vist i inndelinga av “forvaltningskategoriar”.

Forvaltningskategoriane er gradert frå 1 til 4, der 4 er den strengaste utifrå at den er forventa å gje størst konflikt med dei verdiane som ligg i vassdraget.

Klasseinndelinga og inndelinga i forvaltningskategoriar er omtala seinare i plandokumentet.

### Fagleg grunnlag for vern av dei tre vassdraga

*Det er ynskjet om å ta vare på verdiane og særtrekka i dei tre vassdraga som er hovudmålet med planen.*

Gjennom verneplanarbeidet er det gjort faglege vurderingar av ulike typer verdier i dei verna vassdraga. Dette er gjort for Oldenvassdraget. For Strynevassdraget og Loenvassdraget er det gjort samla fagvurderingar i prosjektet ”Verneverdjar i vassdrag (VVS) i 1998.

Dei samla fagvurderingane for dei ulike verdikriteriane for Oldenvassdraget og Stryne- og Loenvassdraget er:

<b>Fagområde</b>	<b>Oldenvassdraget</b>	<b>Stryne- og Loenvassdraget</b>
Naturvern	Høg verdi	Svært høg verdi
Friluftsliv	Høg verdi	Svært høg verdi
Vilt	Middels verdi	Høg verdi
Fisk	Svært høg verdi	Svært høg verdi

Deler av Stryne- og Loenvassdraget har også stort biologisk mangfald. Eitt eksempel er Flostranda, eit anna er Vikaleirane og Storeleira i utløpet av Stryneelva.

Fleire delområde i alle dei tre nedbørfelta har nasjonal verdi som friluftsområde og rekreasjonsområde.

Tettleiken av kulturminne er stor, sjøl om mange av dei automatisk freda kulturminna, som gravhaugar og gravrøyser diverre har vorte øydelagt i nyare tid. Kartet til delplanen viser plasseringa av mange tekniske kulturminne.

### **Næringsinteresser**

Det knyter seg store næringsinteresser til dalbotnen i dei tre vassdraga. Kommunen er mellom dei største i fylket når det gjeld landbruksproduksjon og mange gode og til dels store jordbruksareal ligg langs dei aktuelle vassdraga. Skogbruket har også eit betydeleg omfang.

Reiselivsnæringa har auka monaleg dei seinare åra, og dei fleste større reiselivsbedriftene i kommunen ligg i nedbørfelta til dei tre vassdraga.

Det har lenge vore arbeidd med store kraftutbyggingsplanar som på grunn av vern ikkje lenger er aktuelle. Derimot har interessa for småskala kraftutbygging auka monaleg. Enkelte prosjekt er godkjent etter vassdragslova, og fleir er omsøkt. Fleire av desse nye prosjekta er planlagt i område der det ikkje har vore kraftutnytting frå gamalt av.

Kommunen har store lausmasseforekomster i og langs dei tre verna vassdraga. Interessen for uttak av masser frå vassdraga er moderat, medan interesse for utfylling av masse i elvekant har vore betydeleg.

### **Lovgrunnlaget for differensiert forvaltning.**

Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR) er gjevne ved kongeleg resolusjon med heimel i plan- og bygningslova (§ 17-1).

Desse retningslinjene gjev nasjonale mål og rårer for den planlegginga som skal gå føre seg etter Plan- og bygningslova i alle kommuner som har verna vassdrag.

Det viktigaste lovverket i høve differensiert forvaltning er såleis Plan- og bygningslova. Etter denne lova skal alle kommuner ha utarbeidd kommuneplan. Den fyrste kommuneplanen for Stryn vart vedteken i mars 1999. Kommuneplanen har ein arealdel, der kommunen i større eller mindre grad kan binde opp arealbruken.

Ei rekke typer søknader om tiltak og inngrep må også handsamast etter særlover, som til dømes jordlova, i tillegg til arealdelen i kommuneplanen. Ulike typer søknads- og handsamingsprosedyrer gjeld for desse lovene.

*Kommunedelplanen for differensiert forvaltning vil ha form som retningslinjer for handsaminga av saker som skal vurderast i høve til arealdelen og særlovene. Planen er ei samordna forklaring på kva konfliktgrad ein kan rekne med at inngrepet vil gje i høve det verna vassdraget, og kva dette kan få å seie for godkjenninga. Men planen for differensiert forvaltning fritek ikkje for normal sakshandsaming etter det lovverket som gjeld.*

Å vedta differensiert forvaltning som kommunedelplan vil vera å slå fast at dette skal gjelde som retningslinjer i all handsaming og forvaltning som vedkjem dei tre vassdraga i Stryn.

Viktige lover i forvaltninga av verna vassdrag er oppremsa under kapittelet om forvaltningskategoriar side 9. Ei lov, jordlova, bør spesielt nevast. Til jordlova er det knytt føresegnar om tiltak i kulturlandskapet som er viktig for mange område langs vassdraga. Desse føresegnene, som vert lagt til grunn ved tildeling av tilskot, seier mellom anna:

- Bekkar og elver skal ikkje kanalisert eller lukkast
- Opne grøfter skal ikkje tildekkast.
- Skogbryn, kantsoner og andre restareal mot innmark skal ikkje dyrkast opp.
- Åkerholmar, steingjerde og rydningsrøyser skal ikkje fjernast.
- Jordbruksareal skal ikkje planerast.
- Ferdselsårer skal ikkje dyrkast opp eller stengast.
- Kantvegetasjon og åkerholmar skal ikkje sprøytast med mindre dette er ein lekk i skjøtselen av kulturlandskapet.

## **DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRYNEVASSDRAGET OLDENVASSDRAGET LOENVASSDRAGET**

### **Verdiar og særtrekk**

Vassdraga er viktige element i norsk natur. Ingen andre nasjonar i Europa kan vise til liknande variasjon i vassdragsnaturen.

Alle dei tre vassdraga i Stryn er kjenneteikna med desse særdraga:

- Kort elvestrekning med stort fall.
- Bre over bratte, frodige lauvskoglier pregar nedbørfeltet. Omlag ein fjerdedel av nedbørfelta er dekt av bre.
- Store deler av nedbørfelta ligg nesten utilgjengeleg for menneskeleg ferdsel.
- Alle vassdraga har store innlandsvatn før vassdraget munnar i Nordfjorden.
- Høg temperatur lokalt i låglandet
- Svært stor skredaktivitet.
- Mange kulturminne og kulturlandskap ligg godt bevarte.
- Mange og store fossefall.

Alt dette fører samla til at landskapet er svært kontrastrikt, med stor opplevingsverdi. Dette er også svært sjeldan i internasjonal samanheng. Brepåvirkninga og det bratte landskapet styrer i stor grad kva friluftsliv som kan føregå; Vanskeleg for vinteraktivitetar og bading, og svært godt

eigna for breklatring, fritidsfiske og naturoppleving i barmarkssesongen.

I plankartet for kommunedelplanen om differensiert forvaltning har vi lagt inn ei rekke temaopplysningar om vassdraga. Nokre av desse opplysningane vil vi liste opp i det fylgjande;

<b>TEMA NATURVERN</b>	<b>MERKNAD</b>
Jostedalsbreen Nasjonalpark	Relativt streng verneform. Uviding av verneområdet i Bødalen, Erdalen og Sunndalen i 1998. Forvaltningsplan er utarbeidd.
Flostranda Naturreservat.	Streng verneform. Forvaltningsplan er utarbeidd.
Viktige naturområde i EDNA-registeret.	Område med stor verdi for naturverninteressene. EDNA står for EDB-registrerte data om naturvern.
Elveleie med spesiell karakter.	Elveslynger eller djupe gjel utan store tekniske inngrep.

<b>TEMA FRILUFTSLIV</b>	<b>MERKNAD</b>
Viktige friluftsområde i FRIDA-registeret.	Område med stor verdi for friluftslivet, spesielt område med regional og nasjonal verdi. FRIDA står for Friluftsområde registrert på data, og er henta frå fylkesplan for friluftsliv.
Fossefall	Dei mest synlege og markerte fossefalla i nedbørfelta.

<b>TEMA KULTURMINNE</b>	<b>MERKNAD /LOKALISERING</b>
Steinalderlokalitetar (freda)	
Gravhaugar og gravrøyser i Strynevassdraget. (freda)	Kyrkjeide (1+1), Mindresunde (1+2), Dispa-holmen, Tunold (2), Erdal, Bolstad, Guddal
Gravhaugar og gravrøyser i Loenvassdraget.	Loen (2),
Gravhaugar og gravrøyser i Oldenvassdraget. (freda)	Melheim, Flåten, Åberg ved Tungøy (gardsanlegg).
Bautasteinar (freda)	Bø (Stryn), Grov (Stryn), Nesje (Stryn), Loen (Loen)
Steinkross (freda)	Loen.
Fruktbarheitsdyrking – Fallosstein (freda)	Tonold (Strynedalen)
Stein med skålgroper. (freda)	Nos – Glomsdalen (Stryn),
Gamle kraftverk og elveforbygning.	Sæten (Lodalen) og Lauki (Olden)
Vassager og kvernhus	Lunde, Veslebygda, Nesje og Glomnes i Stryne-dalen og Lauki, Eide (2) og Sandnes i Olden.
Gml. gardsanlegg, tuft, buplass.	Sollida (Veslebygda), Aaning (Nesje) og

	Segestad (Glomnes) i Strynedalen.
Slåttemarker og utløer	Datagrunnlaget er mangelfullt og i rask endring; på grunn av gjengroing og bygningsforfall.
Setre / stølar	I kommuneplanen er desse peika ut som spesielt verdifulle: Ytreeidesetra, Kyrkjeidesetra, Skjeringsdalssetra, Sunndalssetra, Vesledalssetra og Storesetra i Strynedalen, Bødalssetra og Breng i Lodalen og Laukisetra, Yrisetrene og Høgalmensetrene i Oldedalen.
Gamle drifte- og ferdselsvegar.	Dårleg datagrunnlag. Vi har teke med driftevegane over Flofjellet, opp Glæra i Skjeringsdalen, Sunndalen over Kamperhamrane og vegen frå Meland til Fosnes i Strynedalen. Vidare ein vegstubb i jordbrukslandskapet i Loen.
Gamle bruer og vadested	Gamlebrua Stryn sentrum, vadestedet ved Holmevik, bruer ved Fosnes, Erdal, Guddal, Skåre, Glæra og Napen i Strynedalen. I Lodalen har vi ikkje registrert nokon. I Oldedalen er registrert bruer på Eide og Rustøy.
Gamle brygger	Ved Oppstrynsvatnet er det gamle brygger ved Mindresunde, Tunold, Veslebygda, Flo, Fosnes og Hjelle. I Oldedalen er det to godt bevarte brygger ved Eide.
Fiskeplass, notkast, laksegard	Fiskeplass på Stauri, 3 laksegardar Gjørven, Øvreeide og Lunde, 4 notkast på Nerfloen, alt i Strynedalen. Mangelfull kartlegging i Loen og Olden.
Hotell, overnatting for ferdefolk	Svært få igjen av dei gamle overnattingsplassane. Som eksempel er hotell på Mindresunde i Strynedalen borte.
Naustmiljø	Som regel står berre enkeltnaust igjen, men desse er best bevart: Bruagrenda, Bø, Eikenes, Flo, Erdal og Hjelle i Strynevassdraget. Ved Loenvassdraget vart dei fleste teke av skredulykkene. I Oldenvassdraget har ein naust på Eide.

I tillegg til desse temaområda er lagt inn grense for økonomisk drivverdig skog. Årsaken til dette er at denne grensa ofte dannar eit skilje mellom aktivt nytta landbruksområde og mindre nytta område. Likevel er dette ikkje konsekvent. I fleire avsidesliggande område er terreng og jordsmonn vurdert slik at det er økonomisk drivverdige areal for skog, men dei kan vera heilt



urørd av menneskelege inngrep.  
Litt om dei ulike vassdraga:

### **Strynevassdraget**

Trass i utviklinga i Stryn sentrum ligg det att deler av våtmarksområdet i utløpet av elva som husar mange sjeldne artar av vasstilknytta vegetasjon, og fuglelivet er framleis rikt. I jordbruksmiljøet oppover bygda er elva til dels sterkt påverka av jordbruket i bygda. Dei fleste gamle elveleie som har lege avsnørt er igjenfylt og dyrka. Trass i dette, har hovudelva fått behalde hovudkarakteren; Elveslyngene i dei flate elvepartia. Det er lite trevegetasjon langs elvekanten, men god tilrettelegging for laksefisket. Langs strandsona på Nerfloen og Oppstrynsvatnet er det gjort ein god del utfylling i vassdraget i samanheng med vegbygging og noko for dyrking. Elvene ovafor jordbruksområda er godt bevart, nesten utan større tekniske inngrep.

### **Loenvassdraget.**

Utløpet er lagt om og forbygd, og ein liten del av det opprinnelege deltaet ligg igjen. Oppover i jordbrukslandskapet er nokre elvestrekningar bebygd nær ned til elvestrengen. Ellers har elva mykje av det same preget som Stryneelva, men jordbrukslandskapet utgjer ein mykje mindre del av nedbørfeltet. Ein ekstremt stor del av elvestrekningen er påverka av skred, noko som også har gjort det naudsynt å forbygge ein del sideelver. Totalt sett er kanskje dette nedbørfeltet likevel den delen av kommunen som er minst påverka av tekniske inngrep.

### **Oldenvassdraget**

Utløpet er utfylt og bebygd. I jordbrukslandskapet opp til Eide er det dyrka nær ned til elvekant, det finns lite naturleg vegetasjon langs elva, men tilrettelegginga for fiske er svært god. Mange opplevingsrike kulturminne langs elva. Langs dei tre vatna er elvebreiddene stykkevis vanskeleg tilgjengeleg. Veg og dyrking av jorda ut til elvekant, saman med ein del store forbyggingar, pregar elva opp til Melkevoll. Ovafor Briksdalsbre fjellstove og Melkevoll camping ligg vassdraget urørt, og med stor menneskeleg turaktivitet.

### **Planområde for kommunedelplan for differensiert forvaltning**

I verneplanane for vassdraga er det slege fast at heile nedbørfeltet til dei verna vassdraga er verna mot kraftutbygging.

Virkeområdet til retningslinane i Rikspolitiske reglar for verna vassdrag (RPR) som stortingsvedtaket omfatta var:

- vassdragsbeltet, det vil seie hovudelvar, sideelvar, større bekker, sjøar og tjern og eit område på inntil 100 meters breidd langs sidene av desse.
- Andre delar av nedbørfeltet som det er fagleg dokumentert har innverknad på

verneverdien til vassdraget.

Fordi vi i liten grad kjenner område utanfor 100metersbeltet med fagleg innverknad på verneverdien, og fordi det kartteknisk synest å vera den beste løysinga, finn vi det riktig å nytte som planområde alle areal opp til 700 meter over havet, som stort sett er grense for det meste av samfunnsaktivitetane. Plankartet viser heile nedbørfeltet til dei tre vassdraga, men praktiseringa av regelverket må sjølsagt samsvare med virkeområdet til RPR slik det er skissert i dei to punkta over.

### **Klasseinndeling av vassdraga**

Dei tre vassdraga er delt inn i klasser for å kunne oppnå lik forvaltningsstrategi for tilnærma like areal. Klasseinndelinga skal seie kor mykje menneskeleg påverknad som er i landskapet. Plankartet syner klasseinndelinga i grove trekk, og er meint som eit visuelt hjelpemiddel. Det er såleis den reelle arealtilstanden på kvart einskild område som vert lagt til grunn for vurderingane under sakshandsaminga:

#### **Klasse I Område med høg grad av menneskeleg påverknad.**

Områda ligg i og nær tettstader. Areala er påverka av mange slag inngrep og tiltak. Verneverdiane er mest knytt til restområde av våtmarkar i elveutløpa, elva som landskapselement , friluftslivområda i strandsone til elva, og kulturminne i form av gamle bygningar, gravhaugar og gravrøyser.

Det skal leggast særleg vekt på at inngrep og tiltak ikkje skadar opplevinga av vassdraget, kulturminne langs elva og tilhøva for å koma til elva og drive friluftsliv.

#### **Klasse II Område med middels grad av menneskeleg påverknad.**

Område med aktivt landbruk og spreidd busetnad. Arealet er i varierende grad påverka av inngrep. Verneverdiane er knytt til det overordna landskapsrommet, mange vakre kulturlandskap, område med aktivt friluftsliv, spesielle naturverdiar som overvintringsområde for vassfugl og mange typer kulturminne, frå steinalderen fram til byrjinga av 1900-talet.

Det skal særleg leggast vekt på å ta vare på friluftsområda og verneverdige og viktige naturforekomster, kulturlandskap, kulturminne og fiskeressurser. Ein skal unngå plassering av hus og hytter nær inntil vassdraget/mellom vassdraget og hovudveg.

#### **Klasse III Område med liten grad av menneskeleg påverknad.**

Område med relativt urørd natur. Her finn ein viktige beiteområde og aktivt nytta stølsområde. Enkelte fritidsbygg.  
Det er store verneverdiar knytt til nedbørfeltet som system, og verneinteresser knytt til fleire fagområde.

Det urørte ved desse områda må takast vare på og tiltak og inngrep må ikkje skade påviste verneverdiar eller naturbruksverdiar.

### **Forvaltningskategoriar**

Ordet “forvaltningskategori” i denne samanhengen er ein talsett verdi som indirekte fortel kor stor konflikt eit inngrep eller tiltak vil utgjera i høve til verneverdiane i vassdraget. Forvaltningskategoriane er retningsliner for ein individuell og skjønnsmessig vurdering av inngrepa og tiltaka. Kategoriane er talsett frå 1 til 4, der aukande tal gjev aukande konfliktgrad, og difor krev grundigare vurdering av dei ulike interesser som inngrepet kan ha verknad på. Eventuelle ulemper av inngrepet vert vurdert i høve til nytteverdien av inngrepet. Dei fire kategoriane er som følgjer:

- 1 = Tiltak eller inngrep som normalt kan gjennomførast.**
- 2 = Tiltak eller inngrep som normalt ikkje er i konflikt med vernegrunnlaget, men der søknaden må vurderast opp mot verneverdiane.**
- 3 = Tiltak eller inngrep som normalt vil vera i konflikt med vernegrunnlaget, og der omfang, detaljering og utforming av inngrepet avgjer om tiltaket kan utførast.**
- 4 = Tiltak eller inngrep som er i konflikt med vernegrunnlaget og normalt ikkje kan utførast.**

## **FORVALTNINGSKATEGORIER FOR AKTUELLE TILTAK ELLER INNGREP**

Dei mest aktuelle typer tiltak og inngrep er lista opp, og det er skilt mellom tiltak i vassystemet og utanom vassystemet.

Vassystemet definerer vi her som arealet opp til høgaste ti års flaumvasstand, og ein tek med bekker som normalt har vassføring og ikkje går tørre i sommarhalvåret.

Dei aktuelle lovverk som søknadene om tiltak må vurderast i høve til er:

Plan- og bygningslova av 14.juni 1985 nr 77	(PBL)
Lov om vassdrag av 15.mars 1940 nr. 3	(VL)
Jordlova av 12. mai 1995.	(JL)
Lov om naturvern av 19.juni 1970 nr 63.	(NL)
Lov om vern mot forurensinger og om avfall av 13.mars 1981 nr.6	(FL)
Skogbrukslova 21.mai 1965.	(SL)
Lov om laks- og innlandsfisk m.v. av 15.mai 1992 nr 47	(LIL)
Lov om kulturminne 1978	(KL)

Lov om motorisert ferdsel i utmark  
Energilova

(ML)  
(EL)

Dei to tabellane som fylgjer fortel kva konfliktgrad (forvaltningskategoriar) planen ser for dei ulike typer inngrep som er aktuelle i vassdraga. Dei tre vassdragsklassene som er nytta i inndelinga er lista opp i andre line i tabellane. Under desse klassene står tal frå 1 til 4 som fortel kva forvaltningskategori som gjeld for den enkelte vassdragsklasse.

Som eksempel: Større massetak enn 25 m<sup>3</sup> er i vassdragsklasse III eit tiltak som ”er i konflikt med vernegrunnlaget og normalt ikkje kan utførast” (4).

I kolonne nr 2 frå høgre er lista opp kva lovverk søknadane skal handsamast etter. Denne oppstillinga er ikkje uttømande. Her er nytta forkortingar som vist i lovoversikten ovanfor.

Kolonnen heilt til høgre fortel kva mynde som skal avgjera søknadane om ulike typer inngrep.

### Tiltak og inngrep i vasssystemet

TILTAKS- OG INNGREPSTYPER	VASSDRAGSKLASSER			KRAV OM GOD- KJENNING	AVGJERDS- MYNDE
	KL I	KL II	KL III		
Kanalisering (utretting av elveløp) og senking av vassnivå		3	4	VL	NVE
Masseuttak (sand, grus) til meir enn husbruk (25 m <sup>3</sup> )	2	3	4	JL OG LIL	NVE via kommunen.
Masseuttak til husbruk - inntil 25 m <sup>3</sup>	1	1	3	PBL	Kommunen (melding)
Flaum og erosjonssikring	2	2	3	PBL, LIL og VL	NVE via kommunen
Opprensning av lausmasser i elv utan andre inngrep som er omtala i tabellen.	1	1	3	VL	NVE via kommunen
Utfylling i vasssystemet	3	3	4	PBL, LIL og VL	NVE via kommunen
Utslepp av ureinande stoff	4	4	4	FL	Kommunen/ Fylkesmannen
Bekkelukking	3	3	4	JL og PBL	Kommunen
Snauing av kantskog	3	3	4	PBL og VL	NVE via kommunen
Småskala vasskraftutbygging med effekt opp til 1000 kW (mikro- og minikraftverk)	3	3	3	PBL og VL	NVE via fylkesmannen og kommunen
Fiskekultiveringstiltak	1	1	3	LIL og eventuelt PBL.	Fylkesmann via kommunen
Jordvatning og drikkevassforsyning	1	1	2		Kommunen
Veganlegg og bru	3	3	4	PBL og VL	NVE via kommunen.

Gang- og sykkelveg	3	3	4	PBL og VL	NVE og kommunen
Brygge, molo	2	2	4	PBL og VL	Kommunen og NVE
Båtsport/Vassport	3	3	4	ML	Kommunen
Fast start-/landingsområde fly		3	4	ML og PBL	Kommunen (evt. Luftfartsverket)
Naust	2	2	3	PBL	Kommunen

### **Tiltak og inngrep utanom vasssystemet.**

Som areal utanom vassystemet reknar vi den delen av nedbørsfelt som ligg under 700 meter over havet og ikkje i vassystemet. Sjå definisjonane over.

TILTAKS- OG INNGREPSTYPER	VASSDRAGSKLASSER			KRAV OM GODKJENNING	AVGJERDSMYNDE
	KL I	KL II	KL III		
Næringsbygg og anlegg	1	2	4	PBL, JL og KL	Kommunen
Bustadbygging	1	2	4	PBL, JL og KL	Kommunen
Hyttebygging	1	2	3	PBL, JL og KL	Kommunen
Nydyrking		2	3	JL og KL	Kommunen
Bakkeplanering/kanalisering		3	4	JL og KL	Kommunen og NVE
Snauing av kantskog	3	3	4	SL og JL	Kommunen
Vegbygging (veg, bru, gang- og sykkelveg)	1	2	4	PBL, SL og KL	Kommunen, Vegvesenet.
Råstoffutvinning, massetak (stein, skifer, sand og grus)		3	4	PBL og KL	Kommunen
Kraftliner (i luft)		3	4	PBL, EL	Kommunen, etter melding, NVE
Skytefelt eller skytebaner		3	4	PBL, FL og KL	Forsvaret. Kommunen.
Flatehogst og treslagskifte*		2	3		

\* Flatehogst og Treslagskifte er ikkje lovstyrt og søknadspliktig tiltak. Forvaltningskategorien viser korleis inngrepstypen bør vurderast i temaplanar eller skogbruksplanar.

## **NÅR NOKON ØNSKJER Å UTFØRE TILTAK SOM KAN UTGJERA**

## NATURINNGREP LANGS VASSDRAGET KORLEIS GÅR EIN FRAM?

### Plan- og bygningslova.

Plansaker som skal handsamast etter *Plan- og bygningslova* skal gjennom såkalla førehandsdrøftingar før søknad vert formelt fremja.

Den som ønsker å utføre tiltak langs vassdraget må i fyrste instans ta kontakt med kommunen, som kan gje informasjon i form av den vedtekte planen for differensiert forvaltning. Gjennom denne planen får vedkomande informasjon om kva særlovverk den aktuelle saka må handsamast etter, og kven ein skal ta kontakt med i den samanheng.

### Vassdragslova.

Meldingar/søknader om småskala kraftutbygging skal sendast NVE, regionkontoret på standard søknadsskjema. Desse skjemaene er å få hjå NVE i Førde.

Omfanget av det omsøkte inngrepet avgjer om tiltaket treng konsesjon eller ikkje etter vassdragsreguleringslova. Treng tiltaket konsesjon, kan dette ikkje godkjennast i varig verna vassdrag. Trengs ikkje konsesjon vert saka handsama etter vassdragslova.

NVE innhentar syn på søknaden frå fylkesmannen og eventuelt den berørte kommune. Dersom ein konkluderer med at utbyggingsprosjektet i vesentleg grad berører ålmenne interesser (som er del av vernegrnlaget) og det vert stilt konsesjonskrav frå NVE, så kan utbyggjar få søknaden i retur for eventuelt å vurdere eit nytt prosjekt med meir moderate inngrep.

For småskala kraftutbygging i verna vassdrag vert det normalt stilt krav om eit maksimalt inntak av vatn i høve til normal vassføring. Dette maksimale inntaket er normalt ganske lågt.

### Fleire lover, saksgang og rekkefølge.

*I utgangspunktet skal alle planlagte tiltak eller inngrep meldast til kommunen.* Kommunen vurderer om tiltaket er søknadspliktig og gjer greie for vidare saksgang. Planstatus for området i kommuneplan eller reguleringsplan/utbyggingsplan må avklarast på eit tidleg stadium med kommunen

Den generelle framgangsmåten for å få utført eit tiltak/inngrep kan framstillast slik:

1. Kontakt med kommunen i form av førehandsdrøfting av saka. Søkar får informasjon om mellom anna kommunedelplan for differensiert forvaltning.
2. Melding eller søknad skal sendast til kommunen. Innan 2 veker gjev kommunen attendemelding i tilfelle det er manglar ved melding eller søknad og gjer greie for vidare saksgang.
3. Ut frå tiltakstype eller omfang vert saka avgjort enten av kommunen eller send vidare til NVE, fylkesmannen og/eller fylkeskommunen. Handsaming av saka skal skje så raskt som

mogleg utan ugrunna opphald.

For saker som skal handsamast etter fleire lovverk, eventuelt med fleire ”godkjenningssmynde”, har miljøverndepartementet gjeve tilrådingar om rekkefølge i sakshandsaminga. Som eksempel skal saker som både skal handsamast etter Jordlova og Plan- og bygningslova, handsamast igjennom ei førehandsvurdering etter Plan- og bygningslova – det overordna planlovverket på kommunalt nivå. Dersom tiltaket ikkje er i strid med kommuneplan eller andre overordna plansystem, vert saka å handsame etter jordlova, før den til slutt vert handsama etter Plan- og bygningslova. På denne måten unngår ein ”unødvendig” handsaming etter jordlova dersom saka likevel vert å avslå etter Plan- og bygningslova.

### **Krav til detaljplan.**

Dersom det omsøkte tiltaket er i samsvar med kommuneplanen, og kommuneplanen stiller krav om detaljplan (reguleringsplan eller utbyggingsplan) må slik plan utarbeidast før tiltaket kan godkjennast. Dette gjeld helst for større inngrep som bygging av bustader, campingplass, industribygg, store massetak m.v.

Krav om detaljplan kan også verta reist av kommunen eller statlege/fylkeskommunale mynde dersom tiltaket er i strid med kommuneplanen og/eller det vert søkt om dispensasjon frå kommuneplanen.

### **Kontaktar for dei som ønskjer å gjennomføre tiltak i eller nær vassdraga.**

#### I KOMMUNEN:

Sentraladministrasjonen; Plankonsulent, rådmann eller miljøvernleiar, tlf 578 74700  
Landbrukskontoret; Jordbrukssjef eller skogbrukssjef, 578 74740  
Teknisk etat. Teknisk sjef., tlf 578 74820  
Adresser: 6783 Stryn

#### I FYLKESKOMMUNEN:

Regionalstaben, tlf 576 56100  
Kulturseksjonen, tlf 578 25000  
Adresse regionalstaben: 6863 Leikanger, Kulturseksjonen: 6800 Førde

#### HJÅ FYLKESMANNEN:

Miljøvernavdelinga; Planansvarleg. tlf 57655000  
Landbruksavdelinga tlf 57723200

Aresse miljøvernavingdelinga: 6863 Leikanger og landbruksavingdelinga: 6800 Førde

I NVE, REGION VEST:

Tlf 578 21244

Adresse: Fjellvn 9 6800 Førde